

«Integrering av barn og unge flyktningar gjennom aktivitet i lokale lag og organisasjonar»

Prosjektstart var januar 2017. Aktivitetskoordinator har i 1 år arbeidd med å få barn og unge flyktningar på Voss ut i fritidsaktivitetar. Koordinator har hatt samarbeid med helsesøstre, barne-, ungdom- og vidaregåandekular, kommunen v/ flyktingtenesta, Folkehelsekoordinator og aktivitetskoordinator, Vossabadet og stort sett dei fleste lag og organisasjonar på Voss.

Målet med prosjektet er at svak familieøkonomi ikkje skal vera grunn til at unge flyktningar ikkje deltek i fritidsaktivitetar. 42 minoritetsbarn i alderen 6-18 år har fått hjelp av koordinator til å koma ut i faste fritidsaktivitetar dette året. I tillegg har Røde Kors hatt skidag, badesamlingar og aktivitetsdagar der det har møtt over 100 barn, unge og vaksne. Desse aktivitetssamlingane har vore eit tiltak for å nå ut til målgruppa og for å få dei til å sjå kva muligheiter det er av aktivitetar på Voss. Dei unge har hatt ynskje om, og byrja med symjing, fotball, ski, allidrett, turn, friluftsliv, sjakk, hesteriding, taekwondo, kor og dans.

I kontakt med lag og organisasjonar har det vore eit overordna mål å få laga til å sjølv ta hand om, og få på plass, gode og varige ordningar for sårbare barn og unge. Koordinator har samarbeidd med laga, og støtta dei i deira arbeid med å utarbeide velfungerande inkludering- og integreringstiltak.

I løpet av 2017 har blant anna Utferdslaget, Fotballklubben Voss, Ørnar, Vargar, symjegruppa, TenSing, turngruppa og Voss Alpint sjølv tatt hand om å få på plass gode ordningar for medlemmer med økonomiske utfordringar.

Organisasjonar si velvilje til å bidra, i tillegg til midlar frå HFK, har gjort at ein i dette prosjektet fortløpande har fått dei som har ynskt det ut i aktivitet. Ein har ikkje trengt å vente på økonomiske vedtak osv. før handling. Dette har vore prosjektets viktigaste suksessfaktor.

MIDLANE FRÅ HFK HAR GÅTT TIL:

- **Aktivitets-/ introduksjonsdagar for 14 barn kr.1400,-**

Mange barn frå nyankomne familiar er ofte skeptiske til å byrja på aktivitetar. Mykje er nytt og det kan vera skremmande og ukjent for både foreldre og barn. 22. og 23. desember 2017 hadde elevar frå idrettslinja ved Voss gymnas aktivitetsdagar for barn 6-12år. Her fekk barna prøve ulike aktivitetar, blant anna ballspel og turn. Voss Røde Kors inviterte minoritetsbarn i barneskulealder til å delta. 14 barn deltok, 6 av desse var nyleg busett på Voss. Aktivitetsdagane vart ein viktig døropnar til å koma seg vidare og våga å byrja i ein fritidsaktivitet.



- **Vasstilvenning kr.25.495,-**


Hausten 2017 fekk Voss nytt badeanlegg. Vossabadet har på kort tid blitt ein sosial møteplass der barn og unge møtes opp til fleire gonger i veka for symjetrening eller uformelt samvær. Dei fleste barn og unge med

minoritetsbakgrunn, som koordinator har vore i kontakt med, ynskjer å læra seg å symja og begynna på symjetrening. For å få byrje på symjetrening må ein kunna symja 25meter. Barn under 12 år må ha med vaksen som kan symja for å koma inn i Vossabadet. Dei fleste av flyktningane på Voss, verken barn eller vaksne, kan symja. Korleis skal då barna få koma seg i bassenget og læra seg det?

Symjegruppa på Voss tilbyr vasstilvenning for barn og unge. Her lærer ein å flyte og å symje.

Voss Røde Kors har valt å nytta delar av midlane frå HFK til vasstilvenningskurs for 10 barneskulebarn og 15 ungdomskulejenter. Målet er at alle desse 25 barna/ ungdommane læra seg å symja i løpet av kurset. Dei vil då få tilbod om å byrja på symjetrening med Voss IL når dei har kome opp på kravd nivå.

Ordførar Hans Erik Rignkjøp er i bassenget kvar fredag, han har fulgt jentene sidan oppstart😊😊



Jentene på vasstilvenning i Vossabadet

Barneskulebarna har me ikkje fått løyve frå føresette å dele bilete av.

- **Open dag/ fri bading i Vossabadet for minoritetsbarn og ungdom m/ føresette kr. 3100,-**

Voss Røde Kors inviterte alle minoritetsbarn og ungdom med foreldre til gratis bading i Vossabadet. Her var Røde Kors tilstade med 10 frivillige i tillegg til at symjegruppa hadde 5 observatørar. Målet med denne dagen var å å koma i kontakt med gruppa og sjå kva symjenivå dei ligg på. Me fekk denne dagen kontakt med fleire som ynskde, og hadde behov for vasstilvenning i alle aldersgrupper. I tillegg til at det var nokre barn som fekk kontakt med symjegruppa, og ville byrje på symjetrening.



Film frå jolabadet:



IMG_2618.3gp

ØKONOMI:

UTGIFTER:

Aktivitet:	Alder:	Sum:
Aktivitetsdagar/Aktivitetsintroduksjon	14 barn 6-12 år	1.400
Vasstilvenning 1 år	10 barn 6-12år 15 jenter 13-19år	25.495
Gratis julebad for barn, unge m/ foreldre	40 barn 10 vaksne	3.100
Administrasjon Koordinator		50.000
Medlemskontigenter lag/org.	ca. 20 barn/unge	20.000
Totale utgifter:		99.995

INNTEKTER:

Sum innvilga søknad HFK	30.000
Stilling koordinator	50.000
Kontigenter dekka av lag/org.	19.995
Totale inntekter:	99.995

VIDAREFØRING AV PROSJEKTET:

Fotballklubben Voss (med over 700medlemer) arbeider for tida med å bli betre på inkludering og integrering. Klubben har søkt Bufdir om barnefattigdomsmidlar og håpar på at dei i løpet av våren 2018 får tilsett «sosialansvarleg» i klubben. Denne personen skal ha ansvar for å få på plass gode ordningar for barn og unge som treng oppfylgning og ekstra støtte både når det gjeld sosialt og økonomisk.

Symjegruppa Voss IL og Voss Røde Kors har i 2017 hatt eit tett samarbeid. Me har dette året sett at det er eit stort og udekka behov for vasstilvenning for unge flyktningar på Voss.

Symjegruppa vil søkje HFK om midlar til å kunne tilby fleire barn vasstilvenning i 2018. Målet vårt er at alle flyktningar over 10år, som ikkje kan symja, skal få tilbod om vasstilvenning.

Voss Alpint ynskjer å ha alpinks kurs for minoritetsbar og ungdom.

22.februar i vinterferien 2017 inviterte Voss Røde Kors og Myrkdalen skisenter minoritetsskulebarn m/ foreldre til skidag. 90 stk. kom, av desse var ca 40 barn og unge. Myrkdalen dekka kostnadane denne dagen, Voss Røde Kors organiserte og hadde skiinstruksjon. I etterkant av denne dagen har mange kome med ynskje om å få læra meir skikøyring. Voss Alpint har no eit prosjekt på gang der dei ynskjer å tilby skikurs m. utstyr for barn og unge. Forhåpentlegvis får prosjektet midlar og kjem i gang i løpet av vinteren 2018.



Avisoppslag etter skidagen i Avis Hordaland

Voss Røde Kors

Midlane frå HFK har vore ekstremt viktige for aktiviteten og kontinuiteten i å få busette unge flyktningar ut i aktivitet. Det ha ei økonomisk trygghet har gjort at ein kan sende barn og unge ut i aktivitet når det dukkar opp tilbod. Voss Røde Kors kjem til å søkje om midlar frå HFK att i februar 2018, då me ser all aktivitet mottatte midlar resultat i.

Med venleg helsing

Aktivitetskoordinator Voss Røde Kors

Kristina Finne

Tlf. 91142633